



Oscar Langballe har garden til høgre på biletet og oppdrettsanlegget ligg på andre sida av øya

Grunneigar Oscar Langballe har no sendt ein protest mot søknaden frå Sjøtroll Havbruk om å utvida bimassen ved lokaliteten på nordsida av Skorpo frå 3120 til 4680 tonn. Det er den store arealbruken verksemda medfører han reagerer sterkast på.

Langballe visar til at det anlegget som i dag ligg på utsida av Skorpo dekkjer eit areal som er 5 gonger større enn det som tidlegare låg nærare land i same område. Dette vert ytterlegare auka når mærvolumet er tenkt utvida med ein tredel.

Grunneigaren minnar om at det tidlegare var vanleg at grunneigarane hadde ein økonomisk kompensasjon for ulempene som det medførte å ha eit slikt anlegg like inntil eigedommen. Slik anlegga ligg i dag - 200/300 meter frå land og utover - er det slutt på det.

Men ulempene er etter Langballe sitt syn mykje godt dei same mellom anna når det gjeld verdiforringelse for eigedommen til dømes for den som vil satsa på turistnæring eller annan aktivitet knytt til natur og friluft.

Langballe minnar om at heile den ømsøkte utvidinga vil koma i eit område som i gjeldande kommunedelplan ikkje er lagt ut til akvakultur. Det er mykje meir sårbart med omsyn til ulemper både for grunneigarar og fastbuande og andre brukarar av Nordre Skorpevåg og området omkring. - Vi vil derfor ikkje ha oppdrett av fisk inn her, skriv Langballe.

Han meiner at det ut frå omsynet til fiskehelse heller ikkje vil vera fornuftig å flytta fisk innover Hardangerfjorden når ein veit at ansvarlege styresmakter kjem med sterke oppfordringar om at volumet tvert i mot bør reduserast.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen